

NÆBNESHAUGEN



Av Knut Raastad, skrivi i 2004

I 1841 fekk Syver Syversen 1799-1846 bygselbrev på livstid på plassen Næbnæshaugen, arealet var 10 maal 180 rute-alen. Festavgifta var årleg 10 skilling pr. maal, altså tilsaman 4 ort 5 skilling. Syver var frå Grev og i rekneskap for kyrkjepenger for 1832 er han nemnd under almenninga, dette tyder på at han var etablert på Næbnæshaugen da. Syver er nemnd som skomaker, han vart i 1821 gift med Else Jakobsdotter Flaaten f. ca. 1794. Dei hadde barna

Rønnaug Syversdotter 1820-1864, ugift

Mari Syversdotter 1822-1868, gift 1848 med Tor Sønstnes, Lom, 1818-1868, heile familien omkom i snøskred

Kari Syversdotter 1825-1914, gift 1872 med John Rasmussen Stordalen 1839-1889. Før ekteskapet hadde Kari sonen Syver Olsen 1850-1944, han vart gift med ei frå øya Ona langt ut mot havet i Romsdalen og vart der fyrassistent, postopnar, ekspeditør for rutebåten og styrar for rikstelefonstasjonen.

Syver Syversen f. 1827, gift med Kari Olsdotter f. 1825

Ingeborg Syverdatter f. 1829, ugift, hadde ei dotter Ingeborg Larsdotter f. 1854

Gunhild Syverdatter f. 1835, ugift, utflytta til Vardal 1865.

Sonen Syver overtok bruket, og i 1865 er han nemnd som sjølveigar. Saman med Syver og Kari budde sonen Syver Syversen f. 1854.

Næbnæshaugen vart skyldsett i 1861, men utsletta av matrikkelen i 1874. Gudbrandsdalskommisjonen 1882 nemner ikkje Næbnæshaugen, og det er ikkje nemnd nokon der i folketellinga 1875. Dette tyder på at det ikkje budde folk der lenger. Tomtene i Næbnæshaugen vart borte da vegen vart bygd, med unntak av ei stugutomt i kanten av den gamle vegen heilt nørdest på plassen.

I 1865 var det på Næbneshaugen 1 ku og 4 sauer, medan dei sådde ½ tønne bygg og 1 tønn poteter.

*Kjelder: P.Ø.Kvarberg 2000: Slektar i Vågå og Lom, s. 119
O.K.Finnøy, Årbok for Gudbrandsdalen 1974: Sivert Olsen
Næbneshaugen, s. 166
Folketelling 1865
Panteregister/grunnbok
Festekontrakt
Anna Randen: munnleg fortalt
Gudbrandsdalkommisjonenens indberetning 1882
Lister over husmannspenger til kyrkja*